



2019

ÅRSPLAN – KONTROLLUTVALET I HJELMELAND



Foto: Hjelmeland kommune

Rogaland Kontrollutvalgssekretariat

09.11.2018

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste ansvaret for kontroll og tilsyn i kommunen. Kommunestyret skal velja¹ eit kontrollutval som har det løpande ansvaret for kontroll og tilsyn på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet rapporterer derfor direkte til kommunestyret.

Årsplan 2019 gir ei kort oversikt over korleis kommunen sitt system for kontroll og tilsyn er sett saman. Den viser også venta aktivitet for kontrollutvalet i året som kjem.

1.KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er vald for å ivareta kommunestyret sitt kontroll- og tilsynsansvar. Med unntak av kommunestyret sjølv, skal kontrollutvalet føra tilsyn og kontroll med heile den kommunale forvaltninga – inklusiv dei øvrige folkevalde organa. Kommunen sin internkontroll er rådmannen sitt ansvar.

Kontrollutvalet utfører i hovudsak sitt tilsyn med administrasjonen gjennom tilgang til forvaltninga sine dokument, samtalar med administrasjonen (rådmannen) og forvaltningsrevisjon /ev. andre undersøkingar som vert bestilt frå revisor. Når det gjeld tilsyn med det politiske nivået, har kontrollutvalet møterett i alle politiske møte i utval som ligg under kontrollutvalet sitt tilsyn, også om møtet er lukka² - så sant det dreier seg om ei kontroll- og tilsynssak Det er likevel to viktige avgrensingar:

- 1. Kontrollutvalet kan ikkje overprøva politiske prioriteringar**
- 2. Kontrollutvalet har ikkje tilsynsansvar overfor kommunestyret**

Kontrollutvalet består av 3 faste medlemmer og 3 varamedlemmer. Møta i kontrollutvalet er opne. Kontrollutvalet har fastlagt sin møteplan for heile året, og har for 2019 planlagt 4 møter. Møteplanen finst både på sekretariatet og på kommunen sine nettsider. Her blir også møteinnkalling og protokoll lagt ut for kvart møt. Kommunen sin ordførar og revisor har møte- og talerett i kontrollutvalet sine møte.

Kontrollutvalet sin administrasjon skal vera uavhengig av den kommunale forvaltninga, og kommunen kjøper derfor i dag desse tenestene frå Rogaland kontrollutvalgssekretariat. Hjelmeland kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS og kjøper sine revisjonstenester her.

1.1 Kontrollutvalet sine lovheimlar

Kontrollutvalet sitt arbeid er regulert av:

- Kommunelovens (KL) §§ 76 til 80
- Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner
- Forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner

1.2. Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver

Ein viktig del av kontrollutvalet sitt ansvar er å sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert på ein trygg måte (rekneskapsrevisjon), og at det blir ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak.

Kontrollutvalet skal vidare sjå til at det vert gjennomført systematiske vurderingar knytt til om gjeldande lover og politiske vedtak vert etterlevd, samt systematiske vurderingar av forvaltninga sin effektivitet, produktivitet og måloppnåing (forvaltningsrevisjon).

I tillegg skal kontrollutvalet sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap (selskapskontroll).

¹ Jfr. Koml. § 77.1

² Jfr. <https://lovdata.no/forskrift/2004-06-15-905/§4>

2. KONTROLLUTVALETS VERKSEMD

2.1 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal som tidlegare nemnt sjå til at årsrekneskapet blir revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal derfor m.a. halda seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med dei bestemmelsane som følgjer av loven og av god kommunal revisjonsskikk. Kontrollutvalet skal også følgja opp eventuelle merknader og påpeikingar frå revisor.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om kommunen sitt årsrekneskap og årsmelding før formannskapet gir si innstilling. Kontrollutvalet blir derfor òg orientert om kommunes tertialrekneskap.

2.2 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført årlig forvaltningsrevisjon i tråd med vedtatt plan, og planlegger desse hovudaktivitetane for 2019:

Behandla denne forvaltningsrevisjonsrapporten:

- Flyktningar

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret ved behandling av rapporten. Etter behandling i kontrollutvalet vert rapporten vidaresendt til kommunestyret for sluttbehandling.

Kontrollutvalet skal også behandla oppfølging av tidlegare behandla rapportar og planlegg å følgja opp denne rapporten i 2019:

- Innkjøp
- PPT

Sak om oppfølging av rapport vert vidaresendt kommunestyret.

2.3 Selskapskontroll

Selskapskontrollen består av ein lovpålagd del og ein frivillig del. Den lovpålagde delen er ein eigarskapskontroll, der ein undersøker korleis kommunen forvaltar sitt eigarskap i dei selskapa kommunen har valt å delta i. Dette er ikkje ein kontroll av sjølve selskapet, men av *eigarskapet*. I tillegg kan det gjennomførast frivillig forvaltningsrevisjon i selskap som er fullt ut offentleg eigd, så som AS, IKS, og enkelte § 27-selskaper.

Kontrollutvalet har foreløpig ikkje bestilt nye selskapskontrollar for behandling i 2019.

Kontrollutvalet skal følgja opp denne tidlegare behandla rapporten i 2019:

- Eigarskapskontroll
- Avanti Ryfylke AS

Kontrollutvalet innstiller direkte til kommunestyret. Etter behandling i kontrollutvalet vert selskapskontrollen sendt til kommunestyret for sluttbehandling. Ved oppfølging av rapportar vert det sendt melding til kommunestyret når oppfølgings sak er behandla i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vil i tillegg følgja med i rådmannen sitt arbeid med utarbeiding og behandling/ oppfølging av eigarstrategi.

3. BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet sin eigen aktivitet, kjøp av sekretariatstenester og kjøp av revisjonstenester inngår i budsjettet.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjetttramme for kontroll – og tilsynsarbeidet skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontrollutvalet sine oppgåver på området er:

- Utarbeida forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i komande år.
- Følgja opp budsjettet for inneverande år

4. ANDRE OPPGÅVER SOM KONTROLLUTVALET HAR PLANLAGT I 2019

Som eit ledd i si tilsynsverksemd har kontrollutvalet innarbeidd ein god praksis i å invitera kommunale leiarar for å orientera om sitt arbeids- og tilsynsområde.

Kontrollutvalet ønskjer eit godt samarbeid med det politiske miljøet for innspel og merksemd kring kontrollutvalet sine oppgåver og funksjon.

På alle møta i kontrollutvalet vert desse faste sakene/punkta sett opp:

- Godkjenning av innkalling og sakslise
- Godkjenning av protokoll frå førre møte
- Statusoversikt over bestilte prosjekt og kontrollar
- Meldingar/referatsaker
- Eventuelt

Hjelmeland, den 9. november 2018

Ola Ingvaldstad
Leiar av kontrollutvalet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

KONTROLLUTVALET I HJELMELAND - ÅRSHJUL 2019

Årshjulet består først og fremst av faste/kjende saker.

Vær merksam på at saker som er nemnt under «andre saker/kommentarar» ikkje er faste, og kan blir forskyvd eller gå ut. *Oppstillinga av desse er derfor kun rettleiande.*

Møtetidspunkt	Faste saker	Andre saker/kommentarar
Mars	<ul style="list-style-type: none">♥ Kontrollutvalet sitt årsrekneskap for 2018♥ Kontrollutvalet si årsmelding 2018	<ul style="list-style-type: none">♥ Evt. orientering frå administrasjonen
Mai	<ul style="list-style-type: none">♥ Uttale til kommunens rekneskap og årsmelding♥ Årsrapport frå skatteoppkrevjaren♥ Regnskap 1. tertial – kontrollutvalets rekneskap♥ Utveljing av prosjekt for forvaltningsrevisjon i 2020	<ul style="list-style-type: none">♥ Rådmann/økonomisjef orienterer om rekneskap/årsmelding 2018♥ Skatteoppkrevjar orienterer om skatterekneskapet for 2018
September	<ul style="list-style-type: none">♥ Bestilling av forvaltningsrevisjon 2020♥ Budsjett for kontroll og tilsyn 2020	<ul style="list-style-type: none">♥ Forvaltningsrevisjonsprosjektet ang. Flyktingetenesta♥ Oppfølging av forvaltningsrevisjonen PPT
November Første møte nyvald kontrollutval	<ul style="list-style-type: none">♥ Årsplan for komande år♥ Siste frist for å vedta nye planar (forvaltningsrevisjon og selskapskontroll)♥ Møteplan for 2020	<ul style="list-style-type: none">♥ Orientering om arbeidet i kontrollutvalet♥ Rådmann/økonomisjef orienterer om budsjett 20 og foreløpig rekneskap 2. tertial 19♥ Kontrollutvalet planlegger aktiviteter for komande år og lager ny årsplan